

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2019

Fann fred på Varhaug

Side 2-4

Kongens forteneste medalje

Side 6

Snublesteinen

Side 7

Hå pistolklubb

Side 9

Ny rektor på ungdomsskulen

Side 11

Skuletreff Ualand

Side 26-27



Solur Side 35

Fann fred på Varhaug

For Karvan Amin er det to ord som betyr meir enn det meste. Fred og arbeid. På Varhaug har han og familien funne begge deler.

Av: Sjur Håland

Nord-Irak 1980. Karvan hadde så vidt fylt seks år. Han hadde gått i første klasse nokre få dagar då Iran og Irak barka saman i ein svært brutal krig som skulle vare i åtte år. Heimbyen til Karvan, Sulaimanya, ligg utsett til nær den iranske grensa.

- Eg og søstera mi, som då gjekk i femte klasse, var på skulen. Me såg kampfly merkte med det iranske flaget i luftrommet over oss. Flya sleppte bomber over byen vår. Det gløymer eg aldri, seier Karvan.

Varhaug stasjon

Klokka er tolv, ein heilt vanleg tysdag på Varhaug sist i august. Det er ein time til Stasjons Pizza & Grill opnar dørene. Lokalet ligg i det gamle handelslaget med inngang frå austsida. Karvan finn to krus med kaffi. Me set oss på skinnseta i den eine av fire boksar inne i restauranten og kikkar opp på dei gamle bileta frå Varhaug stasjon, som dekker eine vegg.

- Desse bileta betyr mykje. Særleg dei godt vaksne kundane mine likar å sjå på bileta medan dei ventar på maten. Me kjem i prat. Enkelte peikar og fortel at dei har budd i eit av desse husa, seier han.

Krig heile tida

Det er ikkje vanskeleg å finna tonen med Karvan. Han har eit varmt blick og ein mild stemme. Norsken er imponerende god. Den jærseke slengen er på plass innimellom. Han seier «Varhaug» slik det skal seiast. Engelsk lærte han då han byrja i femte klasse heime i Sulaimanya, i Kurdistan-regionen i Nord-Irak.

Krigen mellom Iran og Irak vart, etter ein liten pause på eit par år, avløyst av Golfkrigen. Igjen vart livet til Karvan prega av frykt. I kjølvatnet av Golfkrigen vart det borgarkrig mellom Saddam Hussein sitt styre og kurdarane.

- Det var krig heile tida, seier Karvan, som er kurdar.

I utgangspunktet hadde kurdarane i Irak fleire rettar enn kurdarane i land som Syria og Tyrkia.

- Me kunne for eksempel fritt snakka og skriva kurdisk i tillegg til arabisk, forklarar Karvan.



Saddam Hussein sitt terror- og drapsregime er godt kjent frå nyheitene også i Norge. Karvan har kjent og sett krigane på nært hald.

- Saddam frykta at kurdarane i Nord-Irak skulle få for stor makt. Det er berre ein månad sidan det vart funne tre massegraver med barn og kvinner. Alle var utan skuld i noko som helst. Dei vart drepne fordi dei var kurdarar, fortel han

Til Varhaug

I 1999 kom Karvan til Norge. Etter ei svært strabasios reise, som han ikkje ønskjer å gå i detalj om, enda han i eit europeisk land og kom seg derifrå vidare til Nord-Norge. Han budde i Harstad frå 1999-2004.

- Her lærte eg norsk og gjekk to år i vidaregåande skule innan tømrefaget, seier han.

Etter kvart byrja Karvan som snekkar. Litt seinare arbeidde han i fiskeindustrien før han flytte til Oslo i 2004 og fekk seg arbeid som reinhaldar. I denne verksemda avanserte han til dagleg leiar. I Oslo var det eit godt miljø med folk frå storbyen Sulaimanya. Då fleire av venene valte å flytta til Rogaland, tok Karvan same valet. Dermed enda han opp på Varhaug, kor han starta med pizzarestauranten.

- Eg trivs veldig godt her, understrekar han.

Familien

Karvan har to søstre i Danmark og ei i Malmø i Sverige. Tradisjonen er at dei reiser til Danmark og feirar jul der. I påsken var søstrene på besøk hjå

Karvan sin familie på Varhaug. Karvan har vore gift med Dina Wahab frå Bagdad sidan 2007. Dei to familiane var kjente frå før. Enda tettare vart banda då syster til Karvan vart gift med ein slektning av Dina. Fram til 2008 kunne ikkje Karvan reise til Irak.

- Dermed måtte me reise til Syria og gifta oss der, fortel han.

Snille, gode folk

Dina og Karvan har fått to døtre, Larin (10) og Lara (8). Dina arbeider på Coop Extra på Varhaug, ein arbeidsplass ho trivst svært godt på. Til familien på Varhaug høyrer også Karvan si mor. Far til Karvan, som var lærar, døydde i 2001. Då mora vart sjuk, fekk ho opphaldsløyve i Norge, og kunne flytta i lag med Karvan, som no tek seg av henne. Dei er busette i blokka i Stasjonsvegen.

- Varhaug er ein trygg plass for familien og barna våre. Her bur det snille gode folk, seier han.

Beste pizzaen

«Den beste pizzaen på Jæren», seier enkelte. Andre held fram kebabtallerkenen som det aller beste måltidet. Karvan har mange smaksalternativ og variantar. På Stasjons Pizza & Grill kan du også få vanlege gatekjøkkenrettar, som hamburgerar. Kundane kan velja å eta i restauranten, eller dei kan ta maten med seg heim.

Hadde du erfaring med matlaging frå før?

- Eg lærte det grunnleggjande av eine venen min, som starta eigen pizzarestaurant. For meg er det viktig med stort utval av mat som smakar godt. Det handlar om kva slags kjøt du brukar, saman med type ost og krydder. Eg tilbyr mange alternativ slik at både unge og eldre kan kjøpa mat etter deira smak.

Det er alltid så reint og fint her. Er det du som tar vasken også?

- Takk for det. Ja eg vaskar og gjer alt.

Dei gode oppskriftene deler du vel ikkje med andre?

- Nei, men eg hjelper så klart andre som startar opp med tips og råd, slik eg sjølv fekk starthjelp.

Å driva pizzarestaurant er krevjande, med sju dagars arbeidsveke og lange arbeidsdagar. I 2017 kjende han seg sliten, tok ein pause og prøvde å finna seg eit vanleg 7-15,30 arbeid.

- Men det var ikkje så lett, sjølv om eg søkte mange stadar. Det heile enda med at eg starta opp att med

restauranten, seier han. – Dette er mitt, her trivs eg. For meg er det svært viktig å ha eit arbeid å gå til.

Kjennar stamkundane

På spørsmål om korleis drifta går, svarar Karvan at det er til å leve med. Å utvide drifta, eller å tilsette fleire, er likevel ikkje eit tema. Han har mange stamkundar.

- Eg kjennar att stemmane deira når dei ringer, og eg veit kva dei vil ha.

Er konkurransen hard. Det er jo råd å kjøpa varm mat fleire stadar på Varhaug?

- Eg ser ikkje på det som konkurranse. Me har ulike menyar. Farse, thaimat og mykje forskjellig. Folk likar variasjon. Det er heilt greitt.

Dina, Karvan og barna er vel integrerte på Varhaug. Når Dina er på arbeid, kjem barna til Karvan i restauranten for å få hjelp med leksene. På ettermiddagen har han tid til leksehjelp mellom bestillingane.

Vil bli dyrlegar

Kva tenkjer du om barna dine og framtida deira?

- Eg ønskjer at dei skal få ei god utdanning. Men dei skal sjølv bestemma kva vegar dei skal gå. Akkurat nå er dei svært bestemte på at dei vil bli dyrlegar, men det er vel typisk i den alderen og kan nok endra seg, smilar han.

No får Karvan av og til avløyning av ein ung mann som kjem frå Syria, slik at familien kan ta fri nokre timar. Dei er glade i den norske naturen. Familien har vore både på Kjerag og på Preikestolen.

- I dag får eg avløyning klokka tre. Då skal me ut i båt og fiske. Dette er kanskje siste dagen med fint vær denne sommaren, den må me nytta oss av.





Efjestad - varhaugbuen

Svein Efjestad var stasjonsungen fra Varhaug som ble sikkerhetspolitisk direktør i Forsvarsdepartementet.

Han vokste opp i et av de tre bolighusene som lå på rekke i det som nå er parkeringsplass til næringsdrivende i Stuelandsbygget. På sør bodde familien Stueland, på nord lå telefonsentralen og i midten av disse var hjemmet til Svein. Foreldre var Jon og Målfrid. Jon ble enkemann fra første ekteskap i 1942 og ble sittende igjen med to døtre - Ågot og Liv Johanne på 5 og 12 år. Han inngikk nytt ekteskap noen år senere og tre nye barn kom til verden, Trond, Svein og Anne. Det er bare Trond som har slått rot på Varhaug, mens Anne flyttet til Grimstad. De tre andre bosatte seg på Østlandet.

Svein har mange gode minner fra barndoms- og ungdomstiden på Varhaug. På telefonsentralen - eller på folkemunne bare sentralen - bodde fire ugifte søsken, Malena, Tabitta, Elling og Taletta. Søstrene drev telefonsentralen for Telegrafverket, mens Elling som var døv, hadde skomakerverksted i tilknytning til huset. Svein husker godt når han fikk komme inn i rommet hvor alle telefonsamtalene i Varhaug ble

plugget om og satt i forbindelse med hverandre. Det var spennende å se søstrene sitte med hodetelefoner og snakke. Han fikk alltid «bombom» når han var innom og husker endatil at det var «Kongen av Danmark» som han fikk smake.

Han husker også godt at bøndene bandt hesten til et tre når de var innom sentralen for å låne telefonen. Telefon var langt fra allemannseie på den tiden. Svein var også ofte innom skomakerverkstedet til Elling og iakttok når han sålte skoene til folk på Varhaug. Seksti sytti meter fra hjemmet, lå skobutikken til Olav Lerbrekk hvor de nå selger kinamat. I denne butikken var Svein også godt kjent. Kona til Olav, Rakel, var nemlig søster til Sveins far. Ellers minnes han godt Anton Auestad kolonial - auesten - og Stueland Møbelforretning som var naboer. Han ble forevist et eldre foto av Varhaug sentrum eller stasjoen og drar på smilebåndet i det han peker og forklarer om husene og bygningene, hvem som bodde her og der, pakkhuset til handelslaget, gamle meieriet, meieripipa, slaktehuset til R. Skretting, banken, smia til Ole Grødeland, hestestallene, trelasten til I.T., gamle mølla, bedehuset, kafeen til Magnus Varhaug,

pakkhuset og bakeriet til G. Bø kolonial. Ikke langt fra hjemmet lå smia til Johannes smed. Svein var ofte innom og så når han smidde jern som var rødglødende. Spennende var det også å iakttå når Johannes skodde hestene til bøndene. Jammen har sentrum forandret seg.

Om vinteren var det aking med rattkjelke i Losjebråtet og skøyting på Grødelandsstemmen. Om sommeren var ofte stasjonsungene og badet i Enokshølen, en høl i bekken mellom Jererudlå og radiofyret. Svein hadde mange kamerater i oppveksten. Dessverre er flere av disse gått bort i altfor ung alder. Magne Lerbrekk, Helge Nord Varhaug, Kristian Auestad og Harald Jelsa omkom i tragiske ulykker, mens Arild Stueland døde av sykdom. Ellers minnes Svein stasjonsområdet på Varhaug som et godt og trygt sted å vokse opp.

Ferdig med folkeskolen, begynte Svein på realskolen, deretter Bryne Gymnas, reallinjen. Militæret sto for tur og han fikk oppleve å tjenestegjøre både på Værnes, Bardufoss og i Stavern. Studier sto for tur og Oslo ble neste stoppested. Ved universitetet studerte han statsvitenskap og ble etterhvert uteksaminert som cand.polit.

Yrkeskarrieren startet ved Norsk Utenrikspolitisk Institutt og fra 1980 har Svein vært ansatt i Forsvarsdepartementet FD. Først som førstekonsulent, så byråsjef, ekspedisjonssjef og fra 2013 sikkerhetspolitisk direktør. I en fireårsperiode fra 1986 til 1990 bodde familien i Brussel hvor han arbeidet for Norges delegasjon til NATO. I en omtale av Svein i media, står skrevet følgende. «Svein Efjestad var leder av FD sikkerhetspolitiske avd. 1995-2014. Efjestad har også over tid vært tungt involvert i styringen av norsk etterretning som leder av Koordineringsutvalget for etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjenesten. Efjestad må ses som en av de viktigste byråkratene og pådriverne i FD over tid». Svein har også gitt ut to fagbøker og holder på med den tredje.

Svein giftet seg i 1980 og kona er utdannet farmasøyt. De har tre barn, to jenter og en gutt. En jente er lege, den andre er statsviter og jobber i UDI. Gutten er jurist og advokat hos kommuneadvokaten i Oslo. Svein bor på Høvik i Bærum kommune og er blitt 66 år. Han har sitt arbeidssted og kontor på Akershus Festning og har alltid trivdes i FD og har ingen planer om å pensjonere seg med det første. Han har fremdeles sterke bånd til Varhaug og Jæren selv om besøkene på hjemtraktene blir sjeldnere og sjeldnere etter at foreldrene ble borte. Siste besøk på Varhaug var nå i sommer da han besøkte broren Trond.

Varhaugbuen takker Svein for at han sa seg villig til å bidra med en liten samtale om seg selv.

Ingvar Reiestad



FRÅ REDAKSJONEN

Eg har aldri sprunget maraton (har aldri sprunget så mykje anna heller), men eg kan tenke meg koss dei føle seg når dei er kome i mål; heilt utlada! Kvifor eg skriv dette? Jau, dei siste vekene har eg hatt eine foten i basaren til bygdekvinnelaget og den andre i Varhaugbuen, og då eg hadde levert kladden av bladet til trykkeriet, og basaren var over, då følte eg meg utlada. Alt hadde gått bra, og det hadde vore mykje gildt, men det var godt å kunne både tenke på - og gjera noko heilt anna.

Nå er det haust. Det er ganske kulde når eg tek inn avisa om morgonen, og det vert fort mørkt om kvelden. Men det har og sin sjarm, då kan eg finna fram stearinlysa.

Så er nok ei vellukka Jærmesse over. Det var mykje folk begge dagane, og heldige med veret var dei og. Det var ikkje mange regndropene som kom under messa, som hadde eit vell av aktivitetar som ungane kunne vera med på. Ei skikkeleg gild familiehelg.



VB VoldenTollefsen



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Eirik J. Varhaug fekk Kongens fortjeneste-medalje

Eirik feira nyleg 80 års dagen sin med ope hus på Lensmannsløå, og han vart både forbausa og rørt då ordføraren møtte opp med medalje og diplom.

Dette fekk Eirik J - som vel dei fleste berre kallar han - for alt det frivillige arbeidet han har vore med på opp gjennom åra. Eg kunne fylt heile bladet om eg skulle teke med alt dette, så eg skal berre her nemna noko:

Kasserar i første styret for Vennelaget på Lerbrekk. Var med og fekk i gang Hå Senioruniversitet, der han var leiar dei 3 første åra. Tarzanjungel på skulen. Ny varde på Synesvarden. Varhaug Idrettslag, både leiar og mange andre tillitsverv og dugnader. Massevis av dugnadsarbeid både med Lensmannløå og Misjonshuset. Til sist, og ikkje minst vil eg namna «Grøden» eller Grdøalandsstemmen der Eirik har ore primus motor i ei årrekke.

Eirik fekk og kommunen sin Frivilligpris i 2010.

Varhaugbuen vil gratulera med medaljen. «Den va du være!»

Vil slutta av med Eirik sine eigne ord: «Ein god oppvekst med gode kameratar, gode skular, god heimbygd mm har vore avgjerande viktig for mine roller i samfunnet. Eg understreker her at eg er takknemleg og stolt fordi eg i lag med dyktige og gilde medarbeidarar har fått utført samfunnsnyttige dugnadsprosjekt». Liv

Nytt frå Misjonshuset

Det stertar opp igjen etter sommaren - over alt,- også på misjonshuset.

Det har vært oppstart av sentrum menighet som ble navnet på nyskapningen på misjonshuset. Startdato var 18. august. Formiddagsmøtene annan kvar søndag pluss kveldssamlingene SUNDAG er del av menighetens arbeid.

13. september ligger det an til en ny herrekveld. Og utover høsten er det flere basarer og de vanlige to store julemessene.

Møteveker og ungdomsarbeid går sin gang. Og vil du synge i kor så er det mange muligheter på misjonshuset,- i ymse aldersklasser. Tre lovsangsgrupper øver og deltar på ulike arrangement.

Det er ingen nansatte på misjonshuset selv om det er godt over 800 arrangement av mange slag i året. Det betyr at veldig mange dugnadstimer blir lagt ned. Ein av dem som mellom anna har vært svært aktiv på misjonshuset er Eirik J. Varhaug, og vi gler oss over at han fekk Kongens fortjenestemedalje på 80-årsdagen i juli.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkommen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



13. juni kom steinen på plass i Ognå, og her er historia bak denne.

For om lag 2 år sidan las Tone Aarrestad om Ludwig Melzer i «Ætt og heim 2010», der historikar Frode Sæland hadde skrive om jødane i Rogaland. Tone vart veldig overraska over at det hadde budd ein jøde på Ognå under krigen, som hadde vorte deponert og drepent. Dette hadde ho aldri høyrte noko om, heller ikkje på skulen. Seinare fekk ho og veta at Ludwig Melzer var einaste jøden i Rogaland som ikkje hadde fått snublestein. Tone vart veldig interessert i denne saka. Ho tok kontakt med kommunen og jødisk museum i Oslo, som var positive til prosjektet. Eg var saman med Tone i styret i Hå historielag, og heile styret tykte dette var spanande, og at ho berre måtte stå på og arbeida vidare med dette. Tone stod på, ho søkte i arkiv, på nettet, i historiebøker og snakka med historikar. Her har Tove gjort ein jobb det verkeleg står respekt av. Innsamlinga av bilete og informasjon førte til at det vart laga eit hefte om Ludwig Melzer.

Tone fann ut at begge søstrene til Ludwig og vart drepne av nazistane, men at broren, Max, overlevde. Han hadde flykta til Brasil i 1941 saman med kona og dottera. Alle desse tre var døde, men Tone fekk kontakt med to barnebarn, Claudia og Barbara. Dei visste ingen ting om familien, for mora hadde aldri klart å fortelja om Holocaust. Det hadde vore for vondt å snakka om.

Kontakten med Tone og desse to familiemedlemene til Ludwig Meltzer, gjorde at dei fekk ein formell invitasjon frå Hå kommune til snublestein-

Den første snublesteinen i Hå



seremonien 13. juni. Søstrene følte det var ei æra å verta invitert. Dei var og veldig glade for invitasjonen, og begge kom frå Brasil for å vera med på nedsettinga av steinen. Dei sa dei følte dei hadde fått ein ny familie, i tillegg til minne for livet.

Sjølve seremonien 13. juni, fekk eg diverre ikkje høve til å vera med på, då eg ikkje var heime. Men eg fekk sjå det på nettet. Og det var eit fint arrangement med taler, musikk og utstilling på Ognå skule.

No er siste snublesteinen i Rogaland lagt ned. Ludwig Melzer og historia hans vil nå ikkje verta gløymt. Snublesteinar er eit prosjekt av den tyske kunstnaren Gunter Demnig. Dei er minnesmerke over jødar, og andre, som vart ofte for Holocaust under andre verdskrigen. Det er lagt ned nærare 70.000 snublesteinar i Europa. Kunstnaren har henta desse orda frå Talmud: «Eit menneske er ikkje gløymt, før namnet er gløymt»

Stor takk til Tone Aarrestad for alt arbeidet ho har hatt med dette prosjektet. Det eg har skrive her er plukka frå referatet Tone sende inn til Sydvesten om nedlegginga av snublesteinen. Vil de lesa meir om Ludwig Melzer og livet hans på Ognå, så finn de det i heftet som Hå historielag v/Tone laga til seremonien 13. juni. LIV

Lerbrekk skule

Det skjer på Lerbrekk hausten 2019

Sundagskaféen held fram **sundag 6. oktober** og 3. november kl. 14 - 17. Velkomen til skulen for kaffi, vaflar og ein gode drøs.



Helga 26. og 27. oktober skal Kunst & Kult ha salsutstilling. Vennelaget vil også i år ha kafeen. Begge dagane kl. 11 - 17. med annonsering av Kunst & Kult?

Boka om skulen, «Kvardagfolk» er framleis å få kjøpt hjå Sigbjørn Varhaug. (mobil: 970 53 731)

Er det nokon som ynskjer å leige skulen til selskap eller liknande, er det Sigbjørn Varhaug som har oversikt og styrer med det. Han gjer ein kjempeinnsats for skulen.

Minner om at Vennelaget Lerbrekk har eiga side på Facebook der me legg ut informasjon om det som skal skje. Vennelaget er og registrerte i frivillighetsregisteret og kan ta imot «grasrotandel» i tipping.

Velkomen til Lerbrekk skule
Helsing Vennelaget



Frå juletreffest på forsamlingshuset

Til Varhaug med merkelapp

Då eg las innlegget til Sjur i sist nummer mimra eg litt attende til 1958 då også me hadde ein gut frå Tyskland, Olav Sievert på 6 år. Eg trur han kom frå Berlin. Jammen var det ikkje lett å koma til heilt framande som ikkje ein gong kunne snakka tysk. Rett nok budde morbror Ola hjå oss då, og han hadde vore i Tysklandsbrigaden og kunne bitte litt tyske ord. Olav hadde mykje angst den første tida, men eg trur å minnast at han roa seg. Han kom også att neste sommar, og då lærte han betre å kommunisera med oss.

På forsamlingshuset laga dei til juletreffest for borna frå Tyskland. Det vart teke eit bilete der, men kven fotografen var veit eg ikkje.

Me hadde litt kontakt med mora ei stund, men det fall vekk. Eg har mange gonger undra meg på korleis det har gått med han seinare i livet.

Brit Obrestad



Paul Obrestad med Olav på sparken, og hunden Lyna ved sida. Foto: Rakel Obrestad

Hå pistolklubb

Det har nett vore Landskyttarstemne i skyting, der me fekk ein konge frå Klepp og ei prinsesse frå Time. Dette var skyting med gevær. Hå har i år fått to norgesmeistrar i pistol.

Odd Bjorheim, 63 år, har drive med skyting lenge. Først var han aktiv i 20 år (då saman med mannen min), så hadde han ein stopp på 18 år. Det vart vanskeleg å få det til med skytestemne om helgene samstundes som han var bonde og dreiv garden. Då han vart fri garden starta han igjen med skyting, og det vert berre gildare og gildare, seier han. Under NM i Dagali i Buskerud vart det gull på Militær pistol V-55 (Denne klassen går til V65, så han har eit par år igjen). I tillegg vart det bronse som lag, der han skaut saman med sonen Glenn og Liv Håland. Flott!

I tillegg fekk han og gull i fjor i Hurtig/grov både på bane og skive og sølv i Stander på Skurve. Som om ikkje dette var nok fekk han og bronse i Mag 1 felt i Opdal.

Ikkje nok med det; han fekk gull i KM Spesial Pistol på Hommeland 31. august, der og dei andre skyttarane frå Hå gjorde det godt.

Liv Håland er 38 år, og har drive med skyting i 14 år. (Ho er dotter til Kåre og Aslaug, så veit de det!). Ho fekk gull NM åpen klasse kvinner og bronse i Militær Pistol under NM i Dagali. I tillegg til å vera aktiv skyttar, er ho og nestleiar i styret.

I Dagali fekk og Glenn Bjorheim bronse i Revolver open klasse, og Sissel - som og er med i styret fekk bronse i revolver i fjor.

I tillegg har og Hå pistolklubb vunne fleire distriktsmeisterskap både som lag og individuelt, seinast 18. august i Magnum, der Hå forsynte seg



grovt av premiebordet, både som lag og individuelt.

Både Odd og Liv skryt av miljøet i klubben. Dei har trening kvar måndag kl. 18.00 på Refsland, og her kan 20 stykk skyta samtidig. Og her er dei samla både unge og litt eldre. Eg snakka med ein ivrig skyttar på 16, som hadde skote sidan han var 10. Eg snakka og med ein liten gut, som var der saman med faren, og han berre venta på at han skulle verta gamal nok til å få begynna og skyta. På spørsmål til Liv og Odd om det berre var trening og ikkje konkurranse på måndag, svarta dei at det kanskje var konkurranse ein eller to gonger for året, elles var måndag sett av til trening.

Hå Pistolklubb har 252 medlemmar, og dette er styret: Orvel Varhaug, leiar. Liv Håland, nestleiar. Kjetil Rusdal, kasserar. Jan Kato Tjensvoll, sekretær. Sissel Synnøve Korpiselka, styremedlem. Og varamenn er Gunnar Varhaug og Ole Johan Voll.

Det var gildt å vera tilbake på gamle «tomter» igjen. Men eg forsto at det var mange år sidan eg hadde vore på Refsland, då eg såg det flotte klubbhuset Hå pistolklubb og Hå skytterlag har saman. Og ikkje minst skytebanane. Her er det godt til rettelagt for begge laga både ute og inne. Pistolklubben har eit nært og godt samarbeid med skytterlaget, slik at når dei har feltstemne så nyttar dei heile området. Orvel fortel at det alltid er stor interesse for feltstemna i Hå, men så er og anlegget på Refsland eit av dei beste i Rogaland. I tillegg til skytebanane, er det og eit flott festlokale, som det er høve til å leiga.

Varhaugbuen ynskjer alle skyttarane lukke til vidare, og seier takk for at eg fekk koma opp til Refsland igjen. Liv



Sjakk med de store



Hå skulesjakk

Skulesjakken har vore på Ogn skule. Men no startar me opp på biblioteket på Bø skule på Nærbø 12. september.

Vi speler på torsdagar frå kl 1730 til ca 1845.

Under varhaugmarken arrangerte klubben VM i utesjakk utafor rådhuset. To sett brikker var i bruk de kjempestore som ble brukt på steinrutene utafor rådhuset og et mindre sett fra Varhaug skule som hadde plast brett. Ialt 10 menn i mange aldre deltok. Med tilskuere og heiagjeng. Og Varhaugmester i utendørssjakk 2019 ble Olav Einervoll foran Arvid Feed Jakobsen og Nils Tore Espegren Aarsland.

Klubben har no ei undergruppe på Jærtun. Me har kjøpt inn 6 sett med brett, brikker og klokke for denne gruppa. Og de vil spele på Jærtun mandag i oddetalsveker kl 1415-1515.

Om det som skjer i sjakk, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, gruppe «Hå skulesjakk».

Sjakk for vaksne

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

I juli ble landsturneringa i sjakk 2019 arrangert, ei heil uke spelte dei ivrige sjakk. Frå Jæren sjakkklubb deltok 6 spelarar, og alle gjorde det bra i sine klasser. Særlig må nemnast Roar Sola og Daniel Sinnes som vart nr 4 og 15 i ein sterk klasse 2 med 68 deltakarar

og Håkon Salte som ble nr 7 av 58 spelarar i klasse miniputt.

Ein dag var det NM i lunsjakk, og Arvid Feed Jakobsen vart nr 3 i klasse 4.

Det vart arrangert NM i laglyn med tidshandikap. Der stilte Jæren sjakkklubb med et lag «unge Jæren». Under dette mesterskapet får dei tre spelarane på laget tid per spiller ut frå gjennomsnittleg rating laget har samanlikna med rating til motstandarlaget. Total tid på et parti er 10 minutt. I ein av rundane spilte vårt lag mot laget «verdiløse menn» der verdensmester Magnus Carlsen spilte på 1. bord. De hadde ratingsnitt på 2589 mot 1339 for vårt lag. Dermed fikk våre spillere (Arvid Feed Jakobsen saman med brørne Balder og Håkon Salte) 9,5 minutt per parti mens Magnus Carlsen og elitelaget hans fikk 30 sekund per parti. Laget vårt tapte den matchen! Sjå bilde der Arvid Spiller mot Magnus!

Klubbens terminprogram er ikkje helt klart ennå, men helga 23-24 november vil vi arrangere NGP (Norges Grand Prix) turneringer i lunsjakk og hurtigsjakk. Og det vil bli ein langsjakktturnering som vert ratet.

Klubben har egen internettside: <https://www.jarensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

Ny rektor på Ungdomsskulen

Rune Roaldsen, 46 år, frå Nærbø. Kona heiter Inger Brit, og dei har 3 barn, ein gut og to jente. Alle er vaksne og utflytte for studering. Roaldsen er jo ikkje akkurat noko Nærbø namn, og då eg kommenterer det, er svaret at han ofte får spørsmål om kor han kjem frå. Svaret er enkelt. Faren var Siddis og arbeide på Opstad, så Rune hadde dei første barneåra der, før familien bygde hus på Motland.

Under studietida, Stavanger lærarskule, hadde han praksis på Vigre skule. Dit kom han og tilbake som fersk lærar. Han treivs godt på Vigre, fekk mykje ansvar og vart snart lagleiar. Etter 6 år som lærar, vart han tilsett som rektor på Vigre. Den jobben hadde han fram til 2013, då han vart rektor på Motland skule. Det vart ein stor overgang, På Vigre var det 40 elevar, og kan kjente alle. På Motland 440! Det tok nok si tid å læra namna på alle desse! På Motland var han næraste nabo til skulen, men hadde ikkje noko problem med det, og treivs godt. Men då han fekk kjennskap til at Stig Normann skulle slutta på Varhaug, gjekk han i tenkeboksen. Han søkte og fekk jobben. Det er ikkje ofte at det er ledige stillingar i ungdomsskulen, så Varhaug passa perfekt.

Då Rune starta som lærar på Vigre, var det den minste skulen i Hå. Når han nå er kome til Varhaug ungdomsskule, så er han igjen tilbake til den minste skulen i Hå med 128 elevar. Men det er store kull på barneskulen dei næraste år, så håpet til Rune er at dei om nokre år igjen kan veta 200 elevar. Rune fortel at alle på skulen her har teke vel i mot han. Her er det godt samhold, alle er inkludert frå lærar til vaskehjelp. I tillegg til å vera rektor, er og Rune lag leiar for 10. trinnet. Han har så smått starta å læra namna på dei nye elevane sine, og reknar med at det skal gå fortare her enn det var på Motland.



Det er ein sporty lærar me har fått på skulen. Rune har drive med både handball og fotball, i tillegg til å vera trenar då ungane var små. Han har og våre handballtrenar på Varhaug, så det er kanskje einkvan som dreg kjensel på han? Nå har han slutta med aktivt spel, men held seg i form ved sykling, og er med i Nærbø sykkelklubb. (Då kan det vera god trening å sykla til jobben?).

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer han velkomen til Varhaug ungdomsskule. Håper og det gode samarbeidet skulen/bladet held fram.

Liv





Film innspeling i London

I går sat eg på terrassen og åt is saman med ei filmstjerne frå Varhaug, For det er vel det eg kan kalla Brigtt Skrettingland, som nett har vore i London og spelt inn ein film?

Brigt fortel at dette er ein triller/spenningsfilm, og han har ein birolle som ein forskar som vil finna ut om ei ung jente har overnaturlige evne. Han var i London frå 2. - 20. august. Det vart mange og lange dagar med mykje terping, men og «møje dill og dall». Kva tid me får sjå denne filmen veit han ikkje. Det er eit lite selskap som har laga filmen, og dei skal gjennom mange nålaugo før filmen er klar å visast offentleg.

Brigt hadde akkurat tid til 20 minutt med meg, for han skulle til Stavanger på før premiere på ein annan film han er med i

«Hjelpertytterne». Ein satirisk film om dop i idrettsmiljøet. Brigtt spelar bror til Silje Salomonsen, og faren er Torfinn Nag. Brigtt seier det var ikkje heilt enkelt å snakka Stavanger dialekt. Regissøren her er ei dame; Jannicke Systad Jakobsen, og filmen vert vist her i distriktet om ikkje så lenge.


Kan du leva av dette då Brigtt? er spørsmålet mitt. Då fekk eg vita at Brigtt hadde budd på Bryne i 7 år, og at han dreiv ID Media AS på Bryne saman med Per Kverneland, og at dei hadde ein tilsett. Og så leiger dei inn folk ved behov. Og bedrifta deira lagar reklamefilm som vert vist på kino, «fjesboga» og internett.

Brigt er nå vorte 34 år, og det er 8 år sidan han stod på scenen for første gong. Han har sjølsagt ein draum om å verta skodespelar på

heiltid, og erfaringa han får med desse to filmane er gode å ha med seg. Han har ikkje problem med å huska tekstane, sjølv om han er gløymesken elles. Han lærar og mykje ved å vera saman med andre skodespelarar.

Det var svært å få vera med på filming i London. Det var ganske travelt så då var det godt å rusla litt rundt i parkane når han hadde fritt. Men det var så mykje folk over alt, følte han gjekk i kø. Då var det greitt å få koma heim til Bryne, der han kunne ta ein tur i Sandtangen og vera heilt aleine.

Takk Brigtt, for at du hadde tid til ein liten tur til Hobberstad, og lukke til vidare. Du må berre ta kontakt om du har noko annan spanande på gang. Liv



Åse Dubland ny administrasjonsmedarbeidar i VIL

I sist nummer av Varhaugbuen takka Eva for seg etter 5 på Iden, og nå me kan ynskja Åse velkommen til same jobben. Ho er nok vel kjent for mange både som lærar på Varhaug skule i fleire år, og som styremedlem i idrettslaget.

Åse er Klepp jente, men har budd på Varhaug i 13 år. Ho er gift med Petter Dubland og har 3 gutar på 5, 8 og 10 år, og alle tre er med i idrettslaget på fotball, handball og idrettsskulen. Åse treivs godt som lærar, men då denne stillinga vart utlyst, fekk ho lysst å prøva noko nytt. Ho har utdanning innan både idrettsadministrasjon og pedagogikk, og kjenner idrettslaget som tidlegare styremedlem og med

aktive ungar. Nå fekk ho chansen til å verta ein del av Varhaug idrettslag på ein ny måte.

Åse har sjølv drive med både fotball, handball og symjing. Ho har og vore instruktør i treningssenter.

Akkurat nå har ho hendene fulle med Jærmessa, noko ho har god kjennskap til frå tida i styret. Åse fortel at Aktivitetsparken, som vart opna tidlegare i år er veldig populær. SFO både frå Varhaug og andre stader, er ivrige brukarar av parken, og det er jo gildt.

Varhaugbuen takker for drøset. Ynskjer ho lukke til i nye jobb. Og så får vel bladet høyra litt etter kvart koss det går oppe på Iden. Liv



Tenning av julegrava

Nei, eg har ikkje begynt å rolsa. Me skal ikkje tenna julegrana før i desember. Men bedriftsforeninga arbeidar nå med å laga noko meir ut av denne kvelden, mellom anna med å dela ut gratis grøt. Til det arbeidet treng dei hjelp, og det er dette pluss litt til dei skal få på plass til neste blad. Eg kan ikkje berre ta med denne opplysninga i neste nummer, for bladet kjem jo ut berre få dagar før grana skal tennast. Og det er nok ikkje mange som les annonsen om tenninga, for det har me jo hatt kvart år. Og skal det skje noko nytt må folk få kjennskap til det i god tid. Difor denne litle epistelen, slik at de ser nærare på annonsen om tenninga i neste nummer. Skal verta spennande og sjå kva dei har fått til. - Eg heiar i alle fall på Reidar og dei andre i bedriftsforeninga, og ynskjer dei lukke til med nye planar.

Liv

Varhaug Bygdekvinnelag

- tur til Kvinen 26. - 27.8.2019



13 damer reiste frå Idrettshuset kl 9.30 mandag 26. august til Donsen for å gå til Kvinen.

Kari Nord-Varhaug og Aud Torunn Hobberstad var stødige turloser, og hadde heile kontrollen. Veret var utruleg, med over 20 gr og strålende sol og vindstille. Me vandra gjennom fantastisk landskap, og det var herleg å la tankane få flyta og føla at kroppen fungerte.

Då me etter ca 4 timer ankom hytta, var me skikkeleg positivt overraska. For ei flott hytte. Lys og fin stove og gode, store soverom. For ein luksus! Me fekk oss eit godt bad i vatnet, og vaska av oss sorpe og svette. Middagen smaka godt, og kvelden hadde både konkurranser og kåseri på programmet. Turen opp hadde nok toke litt på, så me fann tidleg sengene.



Etter vask og rydding dagen etter, var det tid for heimveg i same, flotte veret. Me såg nå fjell, elvar og vatn med nye augo, og fekk ein fin nedtur til bilane.

Ein sær s vellukka tur som me alle vil huska godt, både for godt selskap, mykje godt drøs og eit utruleg ver.

Inger Haugstad



Amploy AS

Det er kanskje einkvan som har sett dette namnet på bygget til Odland AS i Ånestadvegen, og lurt på kva det kan vera.

Det gjorde i alle fall eg, og prøvde å få kontakt med firmaet til sist blad. Men sjefen - David Maskell - hadde det alt for travelt. Men nå slapp eg til. Ikkje så veldig enkelt når eg skulle snakka engelsk med mannen, og så skrive det ned på norsk. Men det gjekk nå på eit vis.

Maskell kjem frå London, og har i over 20 år drive med utleige av arbeidsfolk. I mange år dreiv han firmaet Transway i Nederland, som leigde ut kjøttskjerarar til slakteribransjen. Han fekk god kontakt i Norge, og for 2 år sidan etablerte han Amploy AS saman med ein partnar. Han har og ei avdeling i Oslo området.

David Maskell er 54 år og bur i Tranevegen på Varhaug saman med kona. Han har ei stedotter, men ho bur i Slovakia. Familien har og 3 hundar og 2 kattar David seier han trivs godt på Varhaug. Ein av grunnane er nok at det er massevis av arbeid. Det meste av arbeidsoppgåvene er vasking av kylling- og grishus mellom kvart innsett. I tillegg ordnar han med kjøttskjerarar til slakteria. Dei fleste arbeidsfolka kjem frå Polen og Slovakia, og har erfaring frå gardsarbeid. Men han har og vikarar frå Spania, Tyskland og England. I travle tider kan det godt vera så mange som 20-25 vikarar rundt i Rogaland, og det meste av arbeidet er reinhald på gardsbruk. Men om det skulle passa slik, tek dei og maling og anna vedlikehaldsarbeid.

Eg takka for praten, fekk og helsa på kona som innom med lunsj, og sa at dei begge måtte lære seg norsk når dei budde på Varhaug. «D er vanskelig» svara kona. David berre smilte. Han forstår ein del norsk, og kan nok snakka enkle ord, men det er så mykje lettare med morsmålet.

Liv





Sesongen 2019 er nå snart over for speedwayen og Elgane har flere gode resultater å vise til.

På 500 cm vant Espen Sola og Glenn Moi NM Par på Mjøsa.

NM lag ble også vunnet av Elgane. Her kjørte Espen Sola, Glenn Moi og Tage Skretting på lag på hjemmebane.

NM individuelt i Skien ble vunnet av Glenn Moi, med Lasse Fredriksen på en god andre plass. Espen Sola ble nr 4.

I tillegg har de fleste av disse kjørerne også kjørt internasjonale løp, EM og VM kvalifisering, men ingen av de klarte dessverre kvalifisere seg videre i ett tørt selskap.

På 250 cc har Mathias Pollestad og Jesper Våland deltatt på EM og VM. Mathias Pollestad ble nr 2 i finalen i EM og nr 5 totalt i VM. Jesper Våland ble nr 16 i semifinale i EM og nr 16 i semifinalen i VM.


På 85 cc har Jesper Våland deltatt på VM (YGT). Her fikk han en 15. Plass. Han har også deltatt i EM, her ble det en 13. Plass.

Speedwayen har alltid plass til flere kjørere, så om noen ønsker å prøve seg, kontakt Einar Moi på tlf 912 42 355.



MARTINE HUGHES TIL TOPPS I EM 125 KLASSEN.

Martine Hughes bur på Nærbø, er 14 år og har kjørt cross i 10år. I år gikk hun til topps i EM 125 klassen for jenter, og kunne komme heim med EM gull. Vi gratulerer så mye. Martine er med på juniorlandslaget. Hun har vært mye utenlands og trent i vinter for og være best mulig forberedt til årets sesong. Det fikk hun betalt for med og vinne EM gull i 125 kubikk klassen for jenter. EM rundene ble kjørt i Italia, Frankrike, Danmark, Tyskland og Nederland. Martine har god støtte i faren sin som er med på alle rundene. Martine har flere lokale sponsorer, noe hun setter stor pris på. Martine hadde en krasj under 1.NM runde som ble kjørt på Elgane, så hun ligger ikke så godt an før 2.og siste NM runde om et par uker. Martine håper og få kjøre noen EM runder også neste år, og satser også på og få med seg noen løp i DM og SM. Hun fekk 2.plass i speedcross i dameklassen.



MAGNE KLINGSHEIM OG MATHEA SELEBØ NORGESMESTERE I SPEEDCROSS

Speedcross er en variant av motocross som har en kortere løype og kortere heat. Denne NM runden var tilrettelagt for og bli vist direkte på NRK, hvilket var et kjekt innslag under NM VEKA 2019. Magne var suveren i klassen MX åpen. Han var raskest på trening og tidskval, og det såg ut som at han skulle klare og hale i land sitt 12.NM gull. Han tok starten i alle finaleheatene og leda fra start til mål, og dermed kunne Magne feira sitt 12 NM gull.

Elgane viste igjen i dameklassen også, Mathea Selebø var nemlig også helt suveren i sin klasse. Hun var raskest av damene under trening og i alle finaleheat. Mathea tok sitt 3.NM gull under NM veka. Hun leder også NM etter 1.NM runde, og har favorittstempelet på seg foran siste runde som kjøres på Haslemoen om to uker. Hun hadde litt trøblete start på sesongen i år, etter at hun brakk kragebeinet under en landslagssamling i Spania under oppkjøringen i vinter. Hun har dermed ikke fått kjørt så mye ute som planen var. Men hun rakk en VM runde nå i sommer, og fikk en fin 10.plass, det var meget bra! Hun kommer nok sterkt tilbake neste år.

Seniordansen på Varhaug



utan henne. Neste år er seniordansen på arhaug 20 år, og Kirsten har vore med mest heile tida - dei første åra saman med Berit og Gerd Marie. Og i tillegg har ho nokre år på nakken som instruktør i Gamaldansen, men det vil ho nå slett ikkje høyra snakk om. Det er seniordansen ho brenn for, og den var til stor hjelp ho ho miste mannen. Det er lett og å «mista seg sjølv litt» når slikt uventa hender, Og då er det godt å kunne ha fokus på noko heilt anna, og her var det og andre som hadde bruk for henne.

Kvar tysdag mellom 10 og 12 møtes ein gjeng glade dansarar i Lensmannsløa for dans med ein sosial kaffipause etterpå. Eg fekk høve til å vera med på dette på tysdag, ikkje som dansar, men som Bladfyk frå Varhaugbuen. Eg kan godt forstå at dei møtes her tysdag etter tysdag omtrent året rundt. For ei danseglede og for ein gjeng. Det synta på heile personen at dette var gildt. I kaffipausen til slutt hagla berre dei positive orda både om Kirsten Nord-Varhaug, som er instruktør, og om opplegget elles;. «Her møter me alltid glade folk». «Det er god kondisjon». «Det er trim for både kropp og hjerne» «Det er mykje god latter». «Ingen er redd for å gjera feil eller dumme seg litt ut».

Dei er ein god fast gjeng på 28, men det er plass til fleire. Og her kan du koma om du er aleine. Det er mest kvinner (statistisk så lever kvinnene lengre enn mannen). Men seniordansen har ein ganske enkel måte å få ei kvinne til å verta mann; dei berre heng eit blått band rundt halsen på dei som skal dansa mann. Her er det mest som i REMA 1000 reklamen; det enkle er det beste.

Kirsten vil ikkje ha for mykje blest om seg sjølv, men det hadde ikkje vore mykje seniordans på Varhaug

Det kjem stadig nye dansar som skal øvast inn, men så går dei og tilbake til «dei gamle goe». Trur det må ha vore ein del av dei siste som vart dansa i dag. Dei kan umogeleg ha lært heilt nye dansar på 2-3 øvingar nå i haust?

Det er nå godt med denne data'n seier Kirsten, det er mykje enklare når eg nå kan bruka Ipad'n når eg skal øva inn dansane heime. Og er det ein dag eg ikkje har vore noko større ute, er øving heime i stova god trim. Og eg kan ikkje koma på øvinga utan å ha kontroll på dansen, seier Kirsten.

Oddny Søyland har ikkje vore med så veldig lenge. Då ho miste mannen, som ho hadde vore saman med sidan ho var 16, måtte ho prøva å «finna seg sjølv», som ho sa. Her har seniordansen vore midt i blinken for henne. Ho stortrives! I mai fekk ho operert inn protese i begge knea, men nå var ho alt tilbake på dansen. Så her kan ein sjå kor god trim dette er.

Sit det einkvan der ute som har lysst å vera med oss på tysdagane, så er det berre å ta kontakt med Kirsten Nord-Varhaug99 41 39 54. Ho har lova å ta vel mot dykk! Enslige eller par, alle er velkomne!. Liv

Aspirantleir på Øksnevad

Den 7.-9. juni arrangerte alle klubbane i Hå aspirantleir på Øksnevad. Svala 4h stilte med 41 leirdeltakarar, 6 aspirantledarar og nokre klubbbrådgjevarar og foreldre. Me sov i telt og hadde ulike aktiviteter som bl.a natursti med hinderløype og melking av Kristin og Ingonn ku m.m, underholdning frå aspirantledarane og volleyballturnering. Fredagen starta fint med sol men på lørdagen regna det eindel, men allikevel var det mangen som bada. Sjølv om det regna ein del var det ein vellykka leir og alle kosa seg.

Glimt frå 4H turar





BINGO

Bingoen til Turid & co starta opp igjen etter ferien på Eldresenteret **19. august kl. 15.00.**

Alle velkomne.
(Seier meg lei for at eg hadde skrive feil dato i sist blad) Liv

Det er Turid, Solvor og Britt som styren bingoen kva sin gong. Men dei kunne tenkt seg at det hadde vore med ein til, slik at det berre vart ein gong i månaden på kvar. Turid lurde på om det var einkvan der ute som kunne tenkt seg å vore den fjerde? Det er ikkje ei tung oppgave, du styrer bingoen, koker kaffe og kjøper inn gevinstar, og du vil få god støtte av dei tre andre. Unne dette vera av interesse, ta kontakt med Turid i

tlf. 99 24 02 49



Varhaug Sykkelverksted Service



Så har me igjen fått sykkelverkstad på Varhaug. Mannen bak dette heiter Arne Heggø, 61 år og bur på Bryne saman med kona, og det har han alltid gjort. Faren arbeidde på jernbanen og mora i kolonien til Laland, veldig «heimsligt» for ei Brynejente. Ferdig med skulen på Bryne, begynte han å arbeida hos Sandnes Elektro Diesel. Så vart det 20 år hos Øglænd, og det var der han både fekk erfaring med sykkel. Etter tida hos Øglænd, starta han for seg sjølv med sykkel på Ålgård. Så var det sal av og reparasjon av sykkel hos Tengesdal Sport i Egersund. Men nå er han tilbake der han trivs best, «som herre i eige hus» med Varhaug Sykkelservice her og Heggøs Sykkelservice på Nærbø. Arne har arbeid med sykler i 40 år, og har nå to autoriserte sykkel og el-sykkel verksted. Det er godt med arbeid, seier Arne, og det beste av alt er å vera sin eigen herre.

Når Arne skal slappa heilt av frå sykkeldeler og reparasjonar, tek han seg ein lang spasertur. Det er viktig å halda seg i form, seier han, og det går an om ein ikkje brukar sykkel.

Opningstida på Varhaug er:

Måndag og onsdag	9,00 – 12.30
Tysdag ,torsdag og laurdag	etter avtale
Fredag	13.00-19.30

Elles finn de Arne på telefon 901 95 863 eller post@sykkelverksted.no

Basartid

Måtte berre få med meg ein del av dei heimelaga gevinstante til basaren, som Bjørg Reime Håland står bak. I fleire år har ho strikka ein flott dokke garderode. Det er dette som er blikkfaget når me set på Spar eller Extra med loddøkene. Det var ein som sa det slik: Desse er mest for fine til å leika med. Men strikka dokkelede er klede som står for ein støy. Liv

NB! Sjølv om Oddbjørg har nemnt det i innlegget frå bygdekvinnelaget, vil eg likevel ta med nokre ord her og. Takk for at eg vert så godt teken imot når eg kjem rundt på tiggerunde etter gevinstar til basaren. «De æ så greie»



Program for Kultur i Løå vinter 2019:

- 19/9** *Elle Melle konsert*
- 24/10** *Randi Tytingsvåg Trio*
- 21/11** *Godt nok! Foredrag med Lars Zachariassen*

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.

Datoer: 11/9, 25/9, 9/10, 23/10, 13/11, 27/11 og 11/12

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

Spørsmål til programmet: 938 13 234

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook

Noen stikkord om Jader Kafè

Det er Maibel Urdal og Ine Therese som stiller opp frivillige og eier kafeen.
Den er åpen hver uke dag fra kl 09.00- 12.00
Hver dag serves det nystekte vafler, kaffe og te til en billig penge.
Aviser og spill er tilgjengelig.
Det ønsker at dette skal bli en sentral møteplass for unge, eldre småbarnsforeldre, nyinnflyttet folk osv..... her kan de komme for å slappe av treffe andre kanskje få litt hjelp med om noen treng det.
Dette er et lavterskeltilbud.

24 september kl 18.00 til 20.00

Skal kommunen arrangere Frivilligbørs som første kommune i Rogaland. Her skal næringen i kommunen, lag/ foreninger, kommunale tjenester og frivillige møtes for å gå på børs. Legger med en link slik at du kan se hva dette er.

<https://www.ha.no/kultur-og-fritid/frivillig-arbeid/frivilligbors/>



Aquateknikk

Me i Varhaugbuen lurde lenge på kva det nye og store bygget i Buevegen skulle vera til. Til vanleg finn me skilt om at her kjem den og den, og så ser me som regel kva bygningsfirma som er i aktivitet. Her fann me ingen ting. Men så fekk me eit namn; Roald Kverme. Og nå har Varhaugbuen vore i kontakt med han. Kverme, er frå Brusand, men har budd på Varhaug i fleire år. For 2 år sidan kjøpte han den gamle prestebustaden. Han er gift, har kone og 2 barn + 3 bonusbarn.

Og i nybygget skal Aquateknikk AS koma. Det er ei bedrift som leverar totalløysningar for foring i landbaserte oppdrettsanlegg inkludert siloar, forautomatar og styringssystem.

Dette er ikkje ei gamal bedrift, men dagleg leiar Roald Kverme, har lang erfaring frå landbruket frå firmaet Fjøsteknikk AS, som han starta for 21 år sidan. Aquateknikk AS er eit utspring frå denne bedrifta.

Aquateknikk AS vart stifta i 2017, men før det hadde dei i 2015 levert det første foringsanlegget til eit settefiskanlegg. Etter den første leveransen valde dei å gå forsiktig fram mens dei brukte tida på å analysa både marknad og behov. Etter at dei i 2017 deltok på Aqua Nor messa, har dei ikkje sett seg tilbake. Dei deltok og på same messe nå i haust.

Utviklinga av bedrifta sine styringssystem er på Jæren, og

eit komplett anlegg har ca 70% norske komponentar. Dei har fleire gode samarbeidspartnarar på Jæren.

Både Aquateknikk AS og Fjøsteknikk held til på Hognestad, men i oktober flytter dei inn i nybygget på Buevegen, som dei har bygt saman med Nærbø Maskin AS. Dei ser alle fram til å koma inn i nye og tidsmessige lokale.

Det skal verta spennande å fylgja med denne bedrifta framover, og vonar at eg til neste nummer av bladet, kanskje har fått vore innomhus og sett meg rundt? Liv



Jærtreffet

Dette gode samarbeidet mellom Jærbelgen og Varhaug Idrettslag inviterer nå for 8. gong til treff i Varhaughallen. Som tidlegare år vert det allsang laurdag 21. september kl. 13.00 med gratis inngang. Då vert det og høve til å kjøpa middag, kaffi og kaker i hallen.

Ungdomsrådet

Måndag 3. juni deltok fleire av medlemmane i Ungdomsrådet i Hå, saman med ungdom frå alle dei ulike ungdomsskulane i kommunen, på eit arbeidsseminar i Lensmannsløa på Varhaug. Der diskuterte og arbeidde me med resultatane frå den store Ungdata-undersøkinga tidlegare i vår. SLT-koordinator Johanne Erfjord innleia og gav oss ei oppsummering i kva svar ungdom har gitt i vår kommune.

("Ungdata er et kvalitetssikret og standardisert system for lokale spørreskjemaundersøkelser. Undersøkelsen innebærer at skoleelever på ungdomstrinnet og i videregående opplæring svarer på spørsmål om ulike sider ved livet sitt. Undersøkelsene foregår i skoletiden og gjennomføres elektronisk.

Ungdata dekker helheten i ungdoms liv og omfatter et bredt spekter av temaområder (foreldre og venner, skole, lokalmiljø, fritidsaktiviteter, helse og trivsel, rusmiddelbruk, risikoatferd og vold).")

Ein lærerik dag!

Gjertine Hognestad

KULLSYREMASKIN FRA AGA



899,- inkl. patron

ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



LAN i Loen

Frå fredag 24. mai til laurdag 25. mai arrangerte Ungdomsrådet i Hå "LAN" i Loen ungdomsklubb på Nærbø. 30 ungdom, både jenter og (flest) gutter frå rundt om i kommunen kom med eige pc-utstyr og spela saman heile natta. Det var gratis pølser og brus, kiosksalg og god stemning heile natta. Berre nokon heilt få sovna på tastaturet. Me var litt spente på om kvaliteten på nettet ville halda til så mange samstundes, men med god hjelp frå Teknisk avdeling på Rådhuset, gjekk det som smurt! Dette vil me gjera igjen! :)

Gjertine Hognestad



Etterlysing



Me er på jakt etter å få låna fotografi frå dei legendariske bondefestane, som var eit årvisst arrangement på Varhaug frå 1925-1999. Om du tar ein kikk i gamle fotoalbum og finn noko av interesse, er det supert om du tar kontakt med Peter Vagle på telefon: 91805245 eller Olav R. Husveg, telefon: 41690317. Bileta skal brukast i ei bygdebok om Varhaug, som er planlagt i samband med Varhaug Bondelag sitt 100-års jubileum neste år. Det er Sjur Håland som skriv boka. Andre bilete frå kvardagsliv i stasjonen eller ute på gardane i bygda frå tidsrommet 1920-2020 er også av stor interesse.

Jubileumskomiteen



Lensmannsløa ungdomsklubb

Sommaren har vore særdeles bra for oss som arbeider med ungdom i Hå kommune. Me har arrangert to nesten gratis ferieturar for ungdom, og har hatt gratis ungdomstilbod kvar dag heile juli. Me er stolte av å klara gi slike gode tilbod, og takkar alle som er med og hjelper til slik at me får til dette. De er fantastiske, og viktige, for oss.

Skulestart betyr start av vanleg ungdomsklubb, og i år er me så heldige å få med oss to lærlingar på klubb, Alise Kvía og Elise Marie Haaland. Utanom desse vert Monica C Herredsvela og Marta Lidka fast på plass.

Me har i år som tidlegare år og samarbeid med ungdomsskular, og kjem til å ha fleire elevar «på jobb» i løpet av året. Nytt av året er og ein proff kaffimaskin, som

klubbstyret søkte om pengar til sist halvår. Denne får dei opplæring på, og me gler oss til kva den kan få vera med på rundt forbi.

Me har ope kvar tysdag kl.14.00 – 20.00

Frå 8. trinn til 20 år.

Gratis mat og ofte dessert



Skuletreff på Ueland 15. juni

1. Skoledag er spesiell. En kjenner sommerfuglene flakser i magen. ommerfuglene kjente jeg jammen og da jeg fikk invitasjon til treff med de som hadde gått på «min» Ueland skole. Ikke bare de som hadde gått i min klasse, men alle som hadde gått hele eller en tid av skoletiden her.

Mange er selvfølgelig ikke blant oss lenger, deriblant er alle mine 9 søsken borte. Jeg tenkte på hvor kjekt de hadde syns dette hadde vært. Her var noen helt oppi 90 årene, helt fantastisk. Og tenk, hele 60 stk. møtte. Den gamle skolebygningen og en tyskerbrakk som ble brukt til klasserom i etterkrigstiden ble revet i 1960. Nå er det et fint forsamlingshus på Ueland der vi tidligere elever møttes. Det var så spennende å se om en kjente de forskjellige igjen etter alle disse årene. Det var jo blitt noen flere lyshårede av oss siden sist vi så hverandre. Noen hadde forandret seg litt, andre noe mer. Når en er utflytter er det ekstra vanskelig å kjenne igjen den enkelte, men ved hjelp av en klassevenninne fant jeg etterhvert flere ansikt jeg dro kjensel på. Det er selvfølgelig lettere for de som fortsatt bor i bygda å holde rede på hvem er hvem. Så flott å høre om de to søstrene som bodde på Skjæret på Høg-Jæren. Da de flyttet opp dit i krigstiden var det bare løa som var oppført så dyrene var på plass. Siden det var krig, fikk de ikke tak i sement til å støpe

grunnmuren til våningshuset. Årsaken til det var at tyskerne beslagla all sement til bygging av bunkerser ol. Av den grunn måtte de bo i den ene enden av løa et par år. Det var så kaldt mange ganger at de måtte krype under dyna mens de gjorde leksene sine.

Ellers var de med og arbeidet på gården og da holdt de varmen med det. Den ene jenta fungerte mest som dreng, mens den andre hjalp mer til inne. Ikke snakk om barnearbeid den gangen nei. Det ble mimret om da vi var med på skogplanting. Det var noe vi likte. I 1950-60 årene ble det plantet millioner med granplanter. Skogeiere fikk hjelp av skoleklasser til dette arbeidet. Dette var kjekt, vi gledet oss. Så var det å komme seg fram til plassen der det skulle plantes.

Joda, det var greit. En bil med passelig lasteplan og benker plassert langs hver side var fin å plassere ungene på. Det hadde nok ikke lensmannen godtatt i dag. Guttene hakket hull til plantene og vi jenter plantet de små plantene som i dag er kjempestore trær.

Skogeieren vi plantet for hadde kjøpt med wienerbrød og brus til oss. Gjett om det var stas. Ikke ofte vi fikk brus i den tiden.



Gabriel K. Ueland



Ernst Håland (budde i Årdal)



Tarald Ueland, Astrid Ueland Hobberstad, Solveig Ueland Vetrhus, Gerd Årdal og Kjell Skårland



Reidun Ueland Dirdal, Jorunn Ueland Line, Torlund Ueland og Greta Ueland Hegø



Aud Ueland Lindland, Gunnvor Ånestad Robertsen og Noralv Breivik



Elisabeth Ueland Tjåland og Målfrid Ueland



Torsdag 7. november kl. 18. Biblioteket på Varhaug **FORFATTERBESØK AV MARIANNE STORBERG**

Marianne Storberg kjem til biblioteket på Varhaug for å presentere den nye boka si Bli hos meg. Dette er ei familiehistorie i fleire generasjonar. Historia startar i 1957 ved at hovudpersonen får eit brev om at mora er død, men Ellinor har alltid fått høyre at mora døydd då ho var liten. Kvifor blei mora gøymd bort og gløymd?

Mange i Hå kjenner dei historiske romanane til Marianne Storberg, bl.a Eplehagen.

Støtta av Fritt Ord og Nasjonalbiblioteket. Gratis

**Biblioteket har opna i nytt
lokale på Varhaug.
Inngang i skulegarden.**



**Opningstider ved biblioteket på
Varhaug**

Måndag: 8.30 - 15

Tysdag: 8.30 - 15

Onsdag: 8.30 - 18

Torsdag : 8.30 - 18

Fredag : 8.30 - 14

Tlf: 51791708 bibvar@ha.kommune.no



Varhaug pensjonistlag

Varhaugbuen ynskjer pensjonistlaget velkommen i laget. Dei har nå kome med som eigar av bladet. Etter årsmøtet i vår, er styret slik:

Leiar Haldis Bakke, 1 år. Sekretær Klare Reime Ueland 2 år. Kasserar Johannes Stokkeland 1 år. Styremedlemar Reidar Erga og Torunn Haldis Berge 2 år. 1.vara Egil Salte ny for 1 år. 2. vara Aud Bratland Bø for 2 år. Revisor Ruth Einervoll 1 år. Vara revisor Odd Einervoll 1 år. Valnemnd for 2020 Gunvor Maivis Madland og Gustav Håland.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløa

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Eli Aanestad, bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Ane Mjåtevit, bygdeungdomslaget

1. varamedlem

Astrid Skreting, Lennsmannsløa

2. varamedlem

Ingvar Reiestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Redaktør

Liv Hobberstad

Ny prest i Varhaug

Varhaugbuen har gjort avtale med **Jan Erik Westen** at me skal få eit innlegg i neste nummer.



ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81



**Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri**



**Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no**



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



Grillkveld på Lerbrekk skule torsdag 8. august

Det var sumarvarme då kvelden kom. På sørsida av huset var det sol og livd, så ingen trong å frysa. Grillen var snart varm, og grillmeistrane Arvid Varhaug og sonen Hans Varhaug, hadde snart klar både pølser og koteletter.

«Agnes & dei» rigga seg til ved skuleveggen, og sette snart i gang med koseleg trekkspelmusikk. Sigbjørn ønskte alle velkommen, og håpa alle ville få ein gild kveld. Det var møtt fram mykje folk, også langvegs frå, og over 80 hadde skrive seg i gjesteboka. Ein flott kveld med utsikt over stille hav med båttrafikk, og grønne marker med beitande kyr.

Me starta med å syngja «Varhaug mi heimbygd» og «Sangen til bygda». Etter litt forteljing av morosame historier, var det tid for grillmat, nykokte småeple og kaffi og kaker. Alt smaka veldig godt.

Leiar Sigbjørn ville fortelja frå boka «Dronning i Guds utmark», skriven av Astrid Daatland Leira. Dette er forteljinga om Sina Hov, som kom til ein fjellgard langt nord i Kvinesdal, mot øvre Sirdal. Ho var født i Lofoten som yngst av 10 sysken. 17 år gamal reiste ho til Amerika til bror sin, og der var

ho i 30 år. Ho var knytt kyrkja der, og hadde mange vener. Ho arbeidde i rike heimar, med både matstell, sying og stell av klede. Ho treivst i Amerika, og det var i kyrkja ho trefte Tom, som han då kalla seg. Dei var gode vener, men aldri kjærastar. Då Tom, eller Torkel som han heitte, hadde vore i USA i 30 år, fekk han beskjed frå Norge og Homstøl om at mora var død. Rett etterpå døyde einaste broren hans, så då var det inga anna råd enn å reisa til heim att. Etter 1 år heime, skreiv han til Sina og spurte om ho ville koma til han i Kvinesdal. Ekteskap snakka dei ennå ikkje om, og Sina var i stor tvil. Men etter lang tenketid, pakka ho alle sine eigedeler og reiste med Amerikabåten til Stavanger. Ho hadde kister med flotte selskapskjolar, flott steintøy og service, dukar, stoff og anna med seg. Torkel møtte opp på kaia i Stavange i drosje, men ho var ikkje klar. Dagen etter sette ho seg på toget til Flekkefjord, der mannen igjen møtte opp med skyss. Nå hadde han kjøpt ringer og dei tok ut lysing. Det bar i buss opp frå Flekkefjord, og seinare måtte dei gå 11 km til fots frå Risnes. Ho lurte på kva ho hadde gitt seg ut på. Ho såg eit flott landskap, men grua seg over einsamheit og lange



avstandar. Dei kom fram til slutt, og då fekk ho sjå kor gammalt og primitivt hus og gard var. Fyrst då gjekk det opp for henne kor hardt og vanskeleg livet deira ville verta. Ho var van med både elektrisitet og telefon i Amerika. Ho kom til Homstøl 47 år gamal, og blei der i 30 år-

Sina vart etter kvart ei solid bondekone som både kunne mjølka, kinna og laga ost og prim. Etter kvart begynte ho å ta imot fjellfolk til overnatting og mat. Stor var undringa då ho serverte 3 retters middag der i utmarka. Nå fekk ho bruka alle fine servisa, koppar og kar. Til og med lindukane og fine kjolar kunne ho ta fram. Då Sira Kvina starta undersøking av grunn, likte bondekona slett ikkje dette. Ho kjempa imot, men til inga nytte. I 1965 stod garden Homstøl under vatn, og ekteparet flytta til Flekkefjord. Torkel døyde i 1971 og Stina fekk leva til 1984, 96 år gamal.

Sigbjørn hadde gjort undersøkingar både i jubileumsboka «Sira Kvina kraft 50 år 2013» og «Gards og ættesoge for Fjotland,» samt «Mange bekker små» av Kvinesdal Historielag. Alle desse skriftene bekreftar historia om Stina – ei dronning i Guds utmark. Ei uvanleg og sterk kvinne.

Me song « Gryta hennar mors» og «Eg ser deg Gud». Sigbjørn takka både «Agnes og dei», forsanger Kåre Varhaug, og grillsjefane for innsatsen med blomar. Til avslutning song me «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting, før Sigbjørn ynskte alle vel heim!

Inger Haugstad





Solfrid Lerbrekks vei

Kanskje er det einkvan som husker at dette skiltet vart sett opp i innkøringa til Gjererudlå for 2 år sidan? Eg fekk ikkje bilete av det då, men det har eg klart nå. Skiltet er sett opp på uthuset i Gjererudlå som eit minne om den gimmicken.

Og grunnen var at Solfrid Lerbrekk tok plass på Stortinget som representant for SV. I denne travle valtida nå, er Solfrid heime på Varhaug hos foreldra, då det passa inn med valkamparbeid for SV i Time, der ho er medlem. Og foreldra kjenner nok mange, Bente og Oddbjørn, og sidan me mest er naboar, klarte eg å lokka Solfrid til eit lite drøs mellom slaga.

Solfrid er 28 år, har vore medlem i Time SV i 6 år, og kom for 2 år sidan - mest som eit skot frå sidelinja - inn på Stortinget. Ho hadde inga erfaring korkje frå kommunestyre eller fylkesting; einaste erfaringa med politikk hadde ho frå lokallaget.

Solfrid seier desse 2 åra har vore spennande og krevjande, men ho har lært mykje og det har vore gildt. Ho hadde grua seg litt for kva klede ho kunne bruka, når det ikkje var ynglingsplagget, som er dongeribukse. Ho har bruka mykje heimestrikka genser, som mora har laga, til ei vanleg bukse/skjørt. Og det har vorte godkjent.

Då ho var 18 år vakna interessa for politikk, stort sett arbeidspolitikk, og ho har alltid vore oppteken av rettferdighet.

Etter grunnskulen, starta ho på idrettslinja på Bryne, men fann ut

at det ikkje var noko for henne. Så gjekk ho over til Tip, vart lærling i Nordsjøen – ja, ho har hatt 2 år med helikopter ut og inn. Ferdig med læretida tok ho fagbrev som NDT tekniskar, noko som er ultralyd og røntgen av stålkonstruksjonar, rør og sveis.

Eg spør korleis ho hadde det første dagen på jobben i Stortinget. Ho svara at det var overveldande, ho kjente på æresfrykt; nå var ho i kjernen av demokratiet i Norge! Men ho følte seg velkomen, vart godt motteken som den ferskingen ho var, utan noko politisk erfaring. Ho er og den einaste av politikarane under 35 år som har eit fagbrev, og det er i grunnen litt rart når ein veit at 50% av folket i Norge vel eit yrkesfag. Likestilling er viktig, seier Solfrid, ikkje berre mellom kjønn, men og når det gjeld yrke. Solfrid ivrar for at fleire med yrkesbakgrunn skal verta interessert i politikk og kanskje få ein plass på Stortinget. Ho tenker då vil kanskje avstanden mellom vanlege folk og Stortinget verta mindre, og at politikken og språket lettare å forstå for folk flest.

Solfrid fortel om mange lange dagar med mykje jobbing, men og mykje variert arbeid. Ho prøver å balansera tida, slik at ho får det til å vera heime i Vennesla om helgene, laurdag/søndag. Men høver det ikkje med laurdag, så det vert ein fredag eller måndag i staden, tek ho det som heimekontor.

Arbeidsoppgåvene vert delt inn i fagfelt, og Solfrid sitt felt er arbeid- og sosialpolitikk, og ho



har ein god rådgjevar som ho samarbeider med på dette feltet. Og det er mykje å setja seg inn i. Ho har fått skryt for å vera klar og tydeleg i sine innlegg. Og det kan eg skriva under på. Eg hørde nemleg - heilt tilfeldig - på den første spørjetimen ho deltok i. Ho var kjempegod!

Solfrid bur saman med kjærasten i Vennesla, der dei kjøpte eit lite småbruk med ein del skog i 2017. Det var nytt heimhus på garden, men nå har dei bygt ny låve. Dei har 3 hestar, pluss høns, hund og katt. Kjørasten er barnepedagog, og det passar godt sidan dei har fått ei fosterjente på 14 år. Jenta er den viktigaste grunnen til at Solfrid prøver å vera heime i helgene. Nyleg flytta og broren, Sveinung til Vennesla. Har arbeidar på ein båtverkstad i nærleiken, og er til stor hjelp med mykje for både Solfrid og kjærasten i fritida. Ho har og hatt stor hjelp av foreldra, og ikkje minst faren, under oppføringa av den nye låven.

NB! Solfrid ynskjer ein liten traktor med 4-hjuls trekk og lesseapp. Er det nokon som har ein for sal?

Varhaugbuen seier takk for drøset, og ynskjer henne lukke til med både arbeidet på Stortinget og småbruket i Vennesla. Liv



Soluret på plass

Sommaren er nå på hell - men vi kan venter/håpe på mange fine dager enda - hausten er ei fin tid og aktivitetane er i gang. Vi i Varhaug Bygdekvinnelaget starte alltid med basar siste torsdag i august, så når du lesar dette er basaren tilbaketil og forhåpentlig eit godt minne og resultat. Takk til Liv som igjen har vore «primus motor» for å skaffe gevinster og takk til næringslivet som tek godt imot henne. «Agnes og dei» stiller og alltid opp på basaren og får «gang». Basaren er som nevnt tidlegare ei viktig inntektskilde for laget som er med å bidreg til aktivitet i laget og støtte til forskjellige formål i bygda. Kan så nevne at vi har gitt Solur til Klokkekarhagen som blei flott plassert på ein stein i bedet vårt. Takk til Jan Varhaug som fekk soluret på plass for oss.

September er det årsmøte, torsdag 26. og da kjem «Jærlyd» - Martin Våland og har liten konsert for oss. Ei bygdekåne dukker nok og opp. Vi serverer pizza og svissrull. 31. oktober kjem Tone Elin Berge- ikkje som politiker men som tannlege- tema; tannhelse. 28. nov. er det tid for litt motevisning til jul - Livs Klær og gaver stiller. Alle er velkomne til lagsmøte - alltid siste torsdag i kvar månad - både medlemmer og ikkje medlemmer - kjekt å ha treffkvelder i løestova.

Av aktiviteter så har vi framleis fast gågruppa kvar mandag ut frå Iden kl. 09.30, så tirsdagen er det trim i Varhaughallen kl. 10 med Sissel Hølen som



instruktør. Strikkekafe i Løestova 1. mandagen i kvar månad kl. 16.30 med Idestova. Flatbrødkurs vert dette år tirsdag 22. oktober- så lefsekurs tirsdag 29. oktober - begge dagane på Varhaug Ungdomsskule kl. 17.30. Det er 2 ledige plasser til kvar kurs pr. i dag.

Er det andre kurs som savnes - ta kontakt - vi prøver å få til det meste - bygdekvinnelaget er aktive!

Dette år har ett medlem vore på skulen ein dag i veka og hatt leksehjelp 1. time for to innvandrerbarn, kvar torsdag har nokon gått tur med pasienter på Klokkekarhagen. Vi stiller også som natteravn, har 6 helger i året med 2 stk. fredag og 2 stk. på lørdag, Pr. i dag mangler vi 4 stk. (1 helg) slik at det kun verte 1 helg i året på kvar - det må vi kunne bidra med. Kan du gå - få med nokon - gi beskjed til styret så er vår kabal til natteravn ok. Vis at vi bryr oss.

Ellers har Bygdekvinnelaget gitt ein av våre vever til Jæren Husflidslag - den står på 1900 huset på Bryne ilag med mange andre vever som ein kan veve på. Ta kontakt med Jæren Husflidslag hvis du har lyst å gå å veve der.

Ynskjer så alle ein fin haust med god aktivitet.

Varhaug Bygdekvinnelag

Oddbørg Skrettingland

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

**HELLA
MASKIN AS**

R.SKRETTING A.S



Varhaugmarken 2019

Denne vart avvikla 31. mai/1. juni etter stort same leist som tidlegare år, med frukosten som det store høgdepunktet på laurdagen. Nytt, og veldig gildt, var det at Fellesen hadde kledevisning saman med Lars Gaute utanfor Stuelandbygget. Og så hadde dei fått med seg ein «kjendis» til å kommentera kleda. Kan godt gje dette opplegget ein seksar. Her fekk folk verkeleg sjå noko av alt det me kan få i butikken i Mølleveien 4. Dette var nytt og morosamt, og kanskje kan det føra til at andre og snur ser rundt og finn på noko nytt som kanskje er litt utanfor «comfortsona» til Varhaugmarken 2020? Liv



God dag Varhaugbua

Etter ein god vår og ein god gras sommer begynner vinterfor lagera å fylles , dette trenger vi etter 2 dårlege forår.

Nå vert det spanande om vi får kornet i hus og den siste slåtten i siloen men det er også mange andre mørke skyer i horisonten.

Dette året har Bondelaget hat 3 store Høyringsuttaler 1 Avikling av pelsdyroppdret, 2 Regulering av Purker 3 nerskalering av 1000000001 melk.

Punkt 2 og 3 ommhandler regulering av overproduksjon som næringa må betale sjølve, dette er surt med tanke på at me har ein sjølforsyningsgrad på 40%.

Når då Dagbladet skriv 16-08-19 om SSB som er overaska over prisstigning på norske matvare i forhold til priser i andre nordiske land tenkte me i Bondelaget at de Varhaugbua kunne få sjå snittprisane okkas på dei forskjellige varene me produserar

Melk ca. 5 kr/l

Storfe kjøtt ca. 55 kr/kg

Slaktegris ca. 25 kr/kg

Sau ca. 3-4 kr/kg

Lam ca. 35 kr/kg

Kylling ca. 18 kr/kg

Egg ca. 15-16 kr/kg ca 16 egg i 1 kg

Gulerot ca. 6.50 kr/kg

Kålrot ca. 6 kr/kg

Dette er snitt priser gjennom året i vårt område
Varhaug Bondelag



Laurdag 17 august arrangerte me i Varhaug Bygdeungdomslag årsmøte, som blei arrangert på internatet. Her er det nye styret! Nestleder: Martin Hoberstad, Tøvlingsleder: Gonmar Gjødrem Skretting, Styremedlem: Tonje Djøseland, Leder: Jesper Lerbrekk, Kasserer: Birger Kvaa Hoberstad, Info. leder: Ane Mjåtveit og Aktivitetsleder: Ole Kristian Ødegård.



SpareBank 1
SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.

WESTCO
miljø

BDO AS
Avd Jæren
Rådhusgata 2A, 4360 Varhaug
Telefon +47 51 79 12 20
www.bdo.no



En alliansebank i etka.

Hvorfor velge Jærens eneste lokalbank?

Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.

Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.

Du kan'kje drikke kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.

Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.

Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no

jæren
sparebank

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
13.november 2019

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Årsmøtet til Varhaug
bygdekvinne lag torsdag 26. september.

Forslag til møtet, må de senda til styret innan 15. september.



Tall Skip Race

Nok ein gong har det vore skutefest i Sirevåg. Takk til kommunen som vel å vera med på dette, slik at me får syta synet av alle desse flotte skutene. Veldig gildt med det rikhaldige programmet med songhefte og allsong på kaien. Veret var nå ikkje som i fjor, men likevel var det samle mange som deltok i songen til langt på dagen. Det ser ut som om folk tenker: Det finnes ikkje dårleg vær, berre dårlege klede. Så her hadde folk rusta seg godt med både gode klede og sko.

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MCA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE

GODE TILBUD I FK BUTIKKEN!

FK VARMEDRESS VATTERT, S-XXL


God kvalitet.
Mange flotte glidelås-
og lomme detaljer.



799,-
(899,-)

FJELLSOKK 3 PK NATIONAL ULL

Meget behagelig.
Str. 28-48.



169,-
(199,-)

-40%
på alle Viking-
produkter

VIKING ROBOTKLIPPER RESTESALG!



FK BUTIKKEN VARHAUG

Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



Tilbudene gjelder t.o.m. 30. september

butikken
fkra.no/fkbutikken